



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-027, FA-U63	22/113

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/22	Formannskapet	PS	05.04.2022
020/22	Kommunestyret	PS	07.04.2022

Søknad om endring av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS

Vedlegg:

Søknad om skjenkeløyve

kart

Oversikt innlevert dokumentasjon

Tilleggsinformasjon

Telefonsamtale med søkjar 15.03.22

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

25.02.2022 mottok Fedje kommune søknad frå Landsbykafeen AS om endring i eksisterande skjenkeløyve. All dokumentasjon som er naudsynt for å behandle saka var levert 17.03.22.

Landsbykafeen søker om følgjande;

1)At stadfortreder for skjenkestyrar på skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS ikkje lenger vert Roald Mjelstad, men Sue Janne Alsaker.

2)At løyvet vert utvida slik at det ikkje berre gjeld eksisterande område i Stormarkvegen 4, men også Muren 4 (også kjent som Pernillekafeen)

Dei søker og om fritak frå menykravet i alkoholpolitisk plan, men dette vert sendt til politisk behandling i eige saksframlegg.

Søknadar om skjenkeløyve, verksemdsoverdragingar og endring av løyve har ein del krav til dokumentasjon for at kommunen skal kunne forvise seg om at krava i alkohollova med forskrift er stetta. Ei oversikt over dokumentasjonen i denne saka ligg vedlagt. Innsendt dokumentasjon er tilfredsstillande.

Det er to spørsmål som skal verte vurdert:



Fedje kommune

1) Endring av stadfortreder: Det er levert dokumentasjon på at Sue Janne Alsaker innfrir krava til å vere stadfortreder for skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS. Kommunedirektøren innstiller difor på denne endringa.

2) Utviding av eksisterande skjenkeløyve til ny adresse: Her er det nokre prinsipielle spørsmål som kommunestyret må ta stilling til.

Utgangspunktet i alkohollova er at eit skjenkeløyve vert gjeve til eit lokale:

Alkohollova § 4-2 4.ledd. Omfanget av bevillingen. (...) Bevillingen gjelder for et bestemt lokale og en bestemt type virksomhet. Bevillingen kan for en enkelt anledning utvides til å gjelde også utenfor skjenkelokalet. (...)

Grunnen til dette er formålet til alkohollova:

§ 1-1. Lovens formål. Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

I tråd med formålsparagrafen, er det han/ho som er skjenkestyrarar for eit løyve som har ansvar for at alle tilsette på skjenkestaden til ei kvar tid har den naudsynte opplæring og kontroll med at lov og forskrift vert følgd. Difor er det avgrensingar på kor mange lokale eit skjenkeløyve kan dekke, i motsetning til t.d. serveringsløyve der ein kan ha eit løyve for fleire restaurantar. I Helsedirektoratet sin rettleiar til alkohollova står det at ein ikkje kan vere skjenkestyrar eller avløyysar for skjenkestyrar på meir enn eit løyve. Ein bør heller ikkje vere skjenkestyrar ein plass, og avløyysar eit anna. Som skjenkestyrar/avløyysar skal ein vere tett på den daglege drifta, slik at ein har nødvendig og forsvarleg tilsyn med at lova og forskrifta vert følgd i praksis. I Fedje kommune har me pr. i dag to løyve som står med same skjenkestyrar. Kommunedirektøren (den gong rådmannen) var ikkje klår over problemstillinga då løyva vart gjeve - og hadde det difor heller ikkje med i si saksutgreiing den gong. Det gjeld skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS og Feddie Distillery AS, som begge har Arild Mjelstad som skjenkestyrar.

Det at løyvet er knytt til eit bestemt lokale handlar også om høvet til å vere tett på den daglege drifta. Helsedirektoratet sin rettleiar om alkohollova seier følgjande om lokale:



Fedje kommune

4.2.5 Bestemt lokale

Etter fjerde ledd må skjenkebevillinger knyttes til et bestemt angitt lokale. Med "et bestemt lokale" menes det at arealet hvor skjenkingen skal foregå, må være klart avgrenset og fremstå som ett skjenkested. Skjenking kan bare skje i de lokalene som er omfattet av bevillingen. I praksis må bevillingshaver derfor fremlegge en arealbeskrivelse som kan legges til grunn for søknadsbehandlingen og fastsettelse av skjenkearealet. Dette arealet bør også fremgå av bevillingsvedtaket.

En skjenkebevilling er både knyttet til bevillingshaver og et bestemt lokale. Hvis virksomheten ikke lenger drives i de samme lokalene som da bevillingen ble gitt, bortfaller bevillingen. Dette vil for eksempel også være tilfelle dersom virksomheten flyttes fra en etasje til en annen eller mellom lokaler i samme bygg, så lenge ingen del av de opprinnelige lokalene benyttes. Det er uten betydning om virksomheten beholder samme gårds- og bruksnummer.

Også betydelige utvidelser av lokalene krever ny bevillingssøknad. Eventuelt avslag vil likevel bare gjelde utvidelsen søknaden gjelder. Ved mindre innskrenkninger eller utvidelser av lokalene til tilstøtende lokaler vil dette anses som samme lokale og endringen kan skje uten ny bevillingssøknad. En bevilling kan unntaksvis omfatte lokaler som er atskilt. Det avgjørende vil være i hvilken grad bevillingsmyndigheten etter omstendighetene finner det rimelig å betrakte de atskilte lokalene som én og samme skjenkevirksomhet og om bevillingshaveren vil være i stand til å føre nødvendig og forsvarlig tilsyn med skjenkingen i lokalene. Dette kan ikke avgjøres på generelt grunnlag, men må vurderes av bevillingsmyndighetene ut fra omstendighetene i den enkelte sak.

Vurdering av utviding av skjenkeløyve:

For å vurdere Landsbykafeen AS sin søknad om å utvide sitt faste skjenkeløyve til å gjelde eit nytt lokale, må ein altså vurdere om Landsbykafeen då vil klare å følgje opp nødvendig og forsvarleg tilsyn med at lov og forskrift vert følgd:

1. **To hus tett i tett.** Søkjar argumenter med at det berre er 45 meter mellom dei to lokala, og at det ikkje er trafikkhindringar eller sjø i mellom. Det er relativt sett små lokale, og dei tilsette skal jobbe begge stader. Dei legg opp til felles drift. Sett i lys av dette, burde det vere mogleg å ha tilsyn begge plassar reint praktisk.

Men ei slik løysing krev avklaring på kvar grensa skal gå, slik at me kan behandle andre seinare søkjarar likt. Om kommunen vel å innvilge innafor eit avstandskrav, t.d. ikkje lenger avstand enn 50 meter og ikkje trafikale/fysiske hindringar mellom skjenkestadane, kan det t.d. innebære at Landsbykafeen kan søkje om å utvide sitt løyve til også gjelde Feddie Distillery. Feddie Distillery har i dag skjenkeløyve for ein del av lokalet sitt i Muren 1.



Fedje kommune

2. **Kor mykje rekk ein skjenkestyrar?** Om Fedje kommune gjev utviding av Landsbykafeen AS til å omfatte Pernille, vil me ha ein skjenkestyrar (Arild Mjelstad) på 3 lokale fordelt på 2 faste skjenkeløyve i Fedje kommune. Ut frå rettleiaren til Helsedirektoratet er det vanskeleg å sjå at dette er i tråd med intensjonen i alkohollova.

Me har innhenta råd frå skjenkekontoret i Bergen. Bergen kommune gjev aldri utviding til anna adresse på eit løyve, heller ikkje om det ligg vegg i vegg. Ei bedrift kan ha mange restaurantar t.d., men dei må ha eige skjenkeløyve på kvar adresse. Deira grunngjeving er at skjenkestyrarfunksjonen er såpass viktig og omfattande, og skal verte skjøtta av nokon som arbeider/er til stades på skjenkestaden, og at ein difor ikkje kan vere skjenkestyrar eller avløyysar på meir enn ein skjenkestad.

Om kommunestyret vel å seie nei til utviding av løyvet, vil Landsbykafeen AS måtte starte ny prosess med å søkje eige skjenkeløyve for Pernille, med den saksbehandlingstid som ligg til det. Dei må skaffe ny skjenkestyrar og avløyysar som stettar krava (bestått skjenkeprøve og tilsetjing på skjenkestaden), og saka må opp i eit nytt kommunestyremøte. Dei skriv sjølv at dei då vil søkje enkelthøve/ambulerande løyve for lokalet i Muren 4, men det vil vere for seint å gjere for påsken 2022 sidan me må innhente uttale frå politiet.

Kommunedirektøren ønskjer å bidra til næringsutvikling på Fedje, og det gjer denne saka vanskeleg. På trass av mykje dialog og rettleiing frå sørvistorget før innsendt søknad, har det ikkje vore mogleg for Landsbykafeen AS å kome med søknad med nødvendig dokumentasjon før i siste liten. Det gjer handlingsrommet mindre.

Det er vanskeleg å sjå at søknaden om utviding fell lett på plass innafor gjeldande lov, forskrift og rettleiar. Om ein vel å innvilge søknaden, har ein vedteke ein ny praksis i Fedje kommune som eigentleg er meint som eit snevert unntak i lov og forskrift. På den andre sida har kommunen eit skjønnsom er lovfesta i alkohollova. Skjønnet gjeld riktig nok om ein skal innvilge skjenkeløyve, og ikkje om ein skal utvide skjenkeløyve. Den er også vanlegvis nytta som ein sikkerheitsventil for å kunne seie nei til ein søknad, ikkje til å innvilge, men kan vere relevant her:

§ 1-7a. Kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad om bevilling for salg eller skjenking m.v. Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking.



Fedje kommune

Faste vurderingspunkt:

Økonomi: Ved utviding av løyve i staden for eige løyve på Pernille, vil Landsbykafeen AS berre trenge å betale omsetningsavgift for eit løyve. Gebyret er vanlegvis 5400 kr/år for kvart løyve.

Folkehelse: Alkohollova er innført for å avgrense skadeverknadane av alkoholbruk i samfunnet.

Miljø: Ikkje relevant.

Med utgangspunkt i sakutgreiinga, meiner kommunedirektøren at kommunestyret har følgjande alternativ til vedtak:

Alternativ A: AVSLAG

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Landsbykafeen AS får ikkje utvida skjenkeløyvet til også å gjelde Pernille/Muren 4. Grunngeving: Alkohollova § 4-2 4.ledd seier at eit skjenkeløyve gjeld eit bestemt lokale. Om ein ønskjer alkoholskjenking her, må søkjar søkje om eige skjenkeløyve for lokalet Pernille/Muren 4.

Alternativ B: INNVILGING MED OPPFORDRING

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan trafikale/andre hindringar i mellom.

Fedje kommune ber om at Landsbykafeen og/eller Feddie Distillery snarast, og seinast innan



Fedje kommune

01.08.2022 søker om ny stadfortreder på eit av løyva.

Alternativ C: INNVILGING

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan trafikale/andre hindringar i mellom.

Konklusjon

Kommunedirektøren har tvilt seg fram til å innstille på alternativ B. Alternativ B inneber at me gjer eit snevert unntak i lov/forskrift til regel på Fedje. Det kan vere nødvendig fordi me er så små, og det er små lokale/skjenkestader det er snakk om.

Me oppfordrar til å få rydda opp i skjenkestyrarfunksjonen slik at me oppfyller formålsparagrafen i alkoholova om forsvarleg og nødvendig tilsyn. Me kan derimot ikkje pålegge det etter kommunedirektøren si vurdering, sidan me med å seie ja til søknaden om utviding også opnar for felles skjenkeløyve på alle tre skjenkestader: Feddie Distillery, Landsbykafeen og Pernille.

Forslag til vedtak:

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan trafikale/andre hindringar i mellom.

Fedje kommune ber om at Landsbykafeen og/eller Feddie Distillery snarast, og seinast innan



Fedje kommune

01.08.2022, søker om ny stadfortreder på eit av skjenkeløyva.

Formannskapet - 039/22

F - behandling:

Feil i sakspapiret oppdaga. Siste avsnitt i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak skal vere: *Fedje kommune ber om at Landsbykafeen og/eller Feddie Distillery snarast, og seinast innan 01.08.2022, søker om ny skjenkestyrar på eit av skjenkeløyva.*

Endringsframlegg frå Stian Herøy (H):

Det vert gjort følgjande endring i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Det vert gjort følgjande mellombelse utviding av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022 t.o.m. 30.09.2022:

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert mellombels innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan større hindringar i mellom.

Grunngjeving: Fedje kommune ønskjer at det er ulike skjenkestyrarar på ulike løyve, og at det er eit lokale pr. faste skjenkeløyve for å sikre forsvarleg tilsyn med etterleving av alkohollova.

Endringsframlegg frå Kamilla Kalsen (Ap):

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Landsbykafeen AS får ikkje utvida skjenkeløyvet til også å gjelde Pernille/Muren 4. Grunngjeving: Alkohollova § 4-2 4.ledd seier at eit skjenkeløyve gjeld eit bestemt lokale. Om ein ønskjer alkoholskjenking her, må søkjar søkje om eige skjenkeløyve for lokalet Pernille/Muren 4.

Framlegg frå Herøy vart sett opp mot framlegg frå Karlsen. Herøy sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 2 røyster. Kamilla Karlsen og Marit Øien røysta for Karlsen sitt framlegg til vedtak.

Ingen røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

F - vedtak:

Det vert gjort følgjande endring i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Det vert gjort følgjande mellombelse utviding av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022



Fedje kommune

t.o.m. 30.09.2022:

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert mellombels innvilga fordi det er mindre enn 50 meter mellom skjenkestadane, utan større hindringar i mellom.

Grunngjeving: Fedje kommune ønskjer at det er ulike skjenkestyrarar på ulike løyve, og at det er eit lokale pr. faste skjenkeløyve for å sikre forsvarleg tilsyn med etterleving av alkohollova.

Vedteke med 3 mot 2 røyster. Stian Herøy (H), Bjørn Solbakk (Frp) og Hans Erik Waage (Ap) røysta for framlegget.

Kommunestyret - 020/22

K - behandling:

Endringsforslag, foreslått av Elin Iren Øien Solbakk, Framstegspartiet

Utviding av løyve vert mellombels innvilga midlertidig slik at søkjar får mulighet til å koma tilbake med ny sjenkesøknad.

Tilleggsforslag, foreslått av Anna Marit Storemark, Arbeiderpartiet

Dette presiserast å vere eit einskildhøve

Nytt forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Det vert gjort følgjande endringar i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Landsbykafeen AS får ikkje utvida skjenkeløyvet til også å gjelde Pernille/Muren 4. Grunngjeving:

Alkohollova § 4-2 4.ledd seier at eit skjenkeløyve gjeld eit bestemt lokale. Om ein ønskjer alkoholskjenking her, må søkjar søkje om eige skjenkeløyve for lokalet Pernille/Muren 4.

Kommunestyre oppmodar Landsbykafeen AS å søke ambulerande løyve til eventuell ny søknaden er vedteken.

RETNINGSLINJER FOR AMBULERANDE SKJENKELØYVE OG LØYVE FOR ENKELTHØVE I FEDJE

KOMMUNE vert endra ved å stryke "over 18 år" i punkt 8.

Det vart røysta over formannskapet si innstilling med ein dei endringane som var gjort i møte, dette forslaget vart sett opp mot framlegget frå Kamilla B K Karlsen. Innstillinga frå formannskapet med endringar gjort i møtet vart vedteke med 10 røyster. Forslaget frå Kamilla B K Karlsen fekk 5 røyster.

K - vedtak:

Det vert gjort følgjande endring i skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022:

Stadfortreder for skjenkeløyvet er Sue Janne Alsaker.

Det vert gjort følgjande mellombelse utviding av skjenkeløyvet til Landsbykafeen AS frå 08.04.2022

t.o.m. 30.09.2022:



Fedje kommune

Skjenkeløyvet omfattar i tillegg til tidlegare skjenkeområde, også skjenkeområdet som søkt om på planteikning av serveringsområdet i Muren 4 1.etasje, med tilhøyrande inngjerda uteområde.

Elles er løyvet uendra med omsyn til lengde, opningstider, alkoholgrupper mm.

Utviding av løyve vert mellombels innvilga midlertidig slik at søkjar får mulighet til å koma tilbake med ny sjenkesøknad. Det presiserast at utvidinga av løyvet er eit eingongs tilfelle.

Grunngjeving: Fedje kommune ønskjer at det er ulike skjenkestyrarar på ulike løyve, og at det er eit lokale pr. faste skjenkeløyve for å sikre forsvarleg tilsyn med etterleving av alkohollova.

Vedteke med 10 mot 5 røyster. Kamilla B K Karlsen (Ap) Rune Borgerød (Ap) Kristin Aase (Ap) Gidske Borge Kolltveit (Ap) og Marit Øyen (Frp) røysta for forslag framsett av Kamilla B K Karlsen.